



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	07.09.2015	111/15

Saksbehandler	Arkiv	Arkivsaknr
Bente Walseth Svendsen	K1 - 232	15/1344 - 1

FORSLAG OM Å FJERNE EIGEDOMSSKATT PÅ PRODUKSJONSUTSTYR MV I VERK OG BRUK - HØYRING

Vedlegg:

Høringsnotat frå Finansdepartementet - datert 18.06.15

Høringsuttalelse frå KS - datert 21.08.15

KSE-posten nr.7-2015

Saksutgreiing:

Syner til høyringsnotat frå Finansdepartemenet datert 18.06.15, samt til høyringsuttalelse frå Kommunesektorens organisasjon (KS) av 21.08.15 og til KSE-posten nr. 7/1500 av 21.08.15 om at Giske kommune også er høyringsinstans i spørsmålet om å fjerne eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk. Frist for høyringsuttalelse er 18.09.15.

I høyringsnotat frå Finansdepartementet datert 18.06.15 vert det lagt fram to ulike alternativ for endringar i eigedomsbeskatninga:

Alt. 1. Produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje eigedomsbeskattast.

Alt. 2 Fjerne verk og bruk som ei eigen kategori i eigedomsskatten, med den følge at slike anlegg skattleggast som alminneleg næringseigedom.

Verk og bruk vert nytta som eigen kategori for taksering i Giske kommune.

Dei to ulike alternativ som er framlagt ovanfor, vil ha fylgjande negative konsekvensar for Giske kommune :

Alt. 1. Fjerning av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og –installasjonar vil direkte føre

til inntektstap.

Alt. 2 Ei fjerning av verk og bruk som ein eigen utskrivingskategori medfører at all verksemd vert behandla etter reglar som annan næringseigedom.

Verk og bruk vert i dag verdsett etter *substansverdi* (kostnaden med å oppføre anlegget i dag, med frådrag for slit, elde og utidsmessighet), medan *leigeverdiberekning* er vanleg metode ved taksering av annan næringseigedom.

Ein konsekvens vert også at kommunene ikkje lenger vil kunne velje berre å ilegge eigedomsskatt på industrielle anlegg og infrastrukturanlegg, alle næringseigedomar må skattleggast.

Finansdepartementet har foreslått at vasskraftverk vert eit eige utskrivingsalternativ, slik at eigedomsskatt på vasskraftverk ikkje vert rørt av det nye forslaget.

Finansdepartementet har og foreslått at skatteplikta på oppdrettsanlegg vert vidareført utan endringar.

KS er ikkje samde i ei fjerning av eigedomsskatten på produksjonsutstyr og -innstallasjoner, og meiner det vil medføre eit betydeleg inntektstap for svært mange enkeltkommuner.

Dei meiner og at eit slikt forslag inneber at kommunene vil tape ein større del av inntekter som vert skapt lokalt.

Heimelsgrunnlaget

Det er eigedomsskattelova § 4 og § 8 A-2 som ligg til grunn for eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar.

§ 4

«Eigedomsskatten vert skriven ut på dei faste eigedomane ut frå tilhøva den 1. januar i skatteåret..... Bygningar og anlegg skal reknast saman med verket eller bruket når dei høyrer til eller trengst til verksdrifta. Arbeidsmaskinar og tilhøyrsløse og ting som kan setjast i klasse med slik, skal derimot ikkje reknast med utan at tingen er ein part av sjølve føretaket.»

§ 8 A-2 (2)

«Ved taksering av fabrikkar og andre industrielle anlegg, skal ein ta med maskiner og anna som høyrer til anlegget og er nødvendig for å oppfylle formålet med anlegget.

Økonomiske konsekvensar:

For Giske kommune vil ei fjerning av eigedomsskatt på produksjonsutstyr mv i verk og bruk medføre tap av inntekt. Utskreve eigedomsskatt på produksjonsutstyr var i 2015 kr. 378.075. Ved ei fjerning av denne skatten, må denne inntekta kompenseras på anna vis.

Ein må også ta omsyn til at Giske kommune i dag har ein promillesats på 2 promille, og inntektstapet vil verte betydeleg større ved ein evt. auke i denne satsen.

Det er 343 kommuner som skriv ut eigedomsskatt på verk og bruk. Samla sett vil det verte

betydelege reduksjonar i inntektene for kommunene, og ein syner til høyringsuttalelse frå KS der vert anslått at totalt tap for desse kommunene vil verte ca. 1,7 milliardar kroner eller høgare.

Vurdering:

Når det gjeld verk og bruk er dette i hovudsak spesialiserte anlegg der ein ikkje har marknadsreferansar, og omsetningsverdien er difor ikkje så lett å fastsetje. Dersom denne kategorien vert fjerna, kan det lett oppstå usemje og tvister i samband med verdsetjing.

For kommuner som allereie har innført eigedomsskatt, vil ein reduksjon i inntektene kunne føre til at dagens servicenivå må senkast.

I høyringsnotat frå Finansdepartementet (side 5) vert det framlagt at eigedomsskatten vert meir føreseieleg om ein ikkje skattelegg produksjonsutstyr. Dette gjeld imidlertid for alle eigedomar, ikkje berre verk og bruk. Ved fyrste gongs utskriving av eigedomsskatt vert det utarbeidd ein takst som er gjeldande i 10 år, slik at eigarane veit kva kostanden vil være dei resterande åra.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

Både ei fjerning av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar i verk og bruk, og forslaget om fjerning av verk og bruk som eigen kategori, vil gje mindre inntekter for kommuna.

Giske kommune er av den oppfatning at gjeldande regelverk er føreseieleg nok slik det ligg føre i dag.

Med bakgrunn i dette bør gjeldande lovar og reglar for eigedomsskatt behaldast.

07.09.2015 Giske formannskap

F- 111/15 Vedtak:

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Utskrift til:

Finansdepartementet
KSE

Dato: 05.10.2015

